



GLOBAL FLORØ AS
Postboks 97
6001 Ålesund

Sakshandsamar::
Grete Hamre

Rapport frå tilsyn ved Global Florø AS Kontrollnummer: 2021.022.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Knut Eltvik
Helge Langeland
Ithaya Segaran

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Grete Hamre
Anette Heggøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsynet ved Global Florø AS 27.09.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at han vart motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga 2 merknader under tilsynet.

Avvik:

- Verksemda har manglar ved internkontrollen
- Verksemda manglar godkjend avfallsplan for hamna
- Verksemda har manglar knytt til substitusjonsvurdering

Merknader:

- Verksemda sitt avvikssystem er ikkje optimalt
- Verksemda har ikkje utarbeidd måleprogram for kontroll med utslepp til vatn

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.
Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Anette Heggøy
overingeniør

Grete Hamre
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Kinn kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: GLOBAL FLORØ AS	
Organisasjonsnr.: 911761785	Eigd av: 911724197
Bransjenr. (NACE-kode): 10.209 - Bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer ellers	

Kontrollert eining

Namn: Global Florø AS	Anleggsnr.: 4602.0012.01
Kommune: Kinn	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Fiskeforedling	
Løyve gitt: 20. september 1999	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet vart gjennomført for å kontrollere om verksemda held krava som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrolllova. Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for 2021.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Prosess og reinseutstyr
- Kjemikal
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under tilsynet. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter tilsynet

Global Florø AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd og innan **20.11.2021**. Statsforvaltaren føreset at tilhøva vert retta opp slik at verksemda vert

driven i samsvar med krava som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova §§ 3 og 3a).

4. Vedtak om gebyr

Verksemder skal betale gebyr for tilsyn utførte av Statsforvaltaren. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet. Gebyrsatsar for tilsyn med verksemder etter forureiningslova er fastsette i kapittel 39 i forureiningsforskrifta.

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda i e-post datert 13.09.2021.

Ut frå forventa ressursbruk må Global Florø AS betale eit gebyr på kr **20 300,-** for tilsynet, jf. § 39-3 i forureiningsforskrifta. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn som varer ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven. Han må vere adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har manglar ved internkontrollen

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5 andre ledd, punkt 4 og 7.

Kommentar til regelverket:

Internkontrollen skal vere tilpassa verksemda sin art, aktivitetar, risikotilhøve og storleik i eit slikt omfang som er naudsynt for å kunne etterleve krav i, eller med heimel i helse- miljø- og tryggleikslovgivinga, jf. § 5. Han skal vere eit verktøy for å sikre at verksemda kjenner til kva regelverk som gjeld for dei ulike aktivitetane som går føre seg ved anlegget, og at dei rutiane som skal til for å sikre at verksemda held krava som er stilte i regelverket, er på plass. Internkontrollen skal medverke til systematisk forbetring og til gjennomføring av

naudsynte tiltak. Dette skal vere med på å betre verksemda sitt arbeid med å verne det ytre miljøet mot forureining og å sikre ei betre handtering av avfall. Arbeidet skal dokumenterast skriftleg for punkta 4-8.

a) Miljømål - § 5 andre ledd, punkt 4

Verksemda skal fastsetje mål for helse, miljø og tryggleik. Dette skal dokumenterast skriftleg.

Vi har observert at:

Global Florø AS har ikkje etablert skriftlege mål for ytre miljø som ein del av internkontrollen.

For at internkontrollen skal kunne fungere som et verktøy for verksemda til å betre tilhøva som gjeld ytre miljø på ein systematisk måte, er det viktig å sette seg konkrete mål for arbeidet. Det bør vidare utarbeidast ein handlingsplan med tiltak og tidsfristar som skal medverke til at måla vert nådde. Leiinga skal med jamne mellomrom gå gjennom miljømåla og vurdere om dei er nådde eller ikkje. Dersom eit mål ikkje er nådd, bør verksemda finne årsaka til dette, det vil seie ei form for avvikshandtering.

Ein hugseregel kan vere at måla bør vere «SMARTE», det vil seie **S**pesifikke, **M**ålbare, **A**ksepterte, **R**elevante, **T**idsbestemte og **E**tterprøvbare.

b) Rutinar og avvikshandtering - § 5, 2. ledd punkt 7

Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsette i eller med heimel i helse-, miljø- og tryggleikslvgjevinga. Dette skal dokumenterast skriftleg.

Vi har observert at:

Verksemda manglar rutinar i internkontrollen for viktige delar av drifta

- *Reinseanlegget:* Verksemda manglar rutinar for drift og oppfølging av reinseanlegget. Verksemda har eit reinseanlegg for prosessavløpsvatn som består av ein roterande sil og eit flotasjonsanlegg med skraper for å fjerne feitt og andre partiklar som stiger til overflata. Under silen skal det også vere eit bandfilter med porestorleik 300 µm. Dette var øydelagt under tilsynet, men nytt band er under bestilling. Verksemda har ei handbok frå leverandøren av reinseanlegget.
- *Kontroll med utslepp:* Verksemda har ikkje utarbeidd eigen rutine for prøvetaking av prosessavløpsvatn og oppfølging av analyseresultat

I utsleppsløyvet er det sett krav om prøvetaking og analysar av prosessavløpsvatnet frå produksjonen fire gonger i året. Det skal målast på suspendert stoff (SS), feitt og organisk stoff (TOC, KOF eller BOF). Det er ikkje sett utsleppsgrenser for desse parametrane. Verksemda har også krav om å måle vassforbruk eller mengd prosessavløpsvatn som vert sleppt ut, m.a. for å kunne rekne ut det totale utsleppet (tonn/år). Verksemda har ikkje omtalt korleis vassforbruket vert målt, eller korleis ein reknar ut utslepp per tidseining.

Verksemda nyttar Eurofins som laboratorium for akkrediterte analysar. Under tilsynet kom det fram at laboratoriet ikkje analyserer for same parametrane for kvart

prøveuttak. Det vert då vanskeleg for verksemda å evaluere verknaden av reinseanlegget. Dette bør verksemda ta opp med laboratoriet.

- *Miljørisikovurdering:* Verksemda har ikkje utarbeidd ei eiga rutine for gjennomføring av miljørisikovurdering. I samband med oppstarten av produksjonen i 2019, vart det gjennomført ei risikovurdering av aktivitetane ved anlegget, men under tilsynet kunne verksemda ikkje vise til nokon rutine som seier korleis og kor ofte ei slik risikovurdering skal gjennomførast. Ein slik rutine må også vise akseptkriteria som vert nytta for å vurdere risiko, og kva tiltak verksmeda vil setje i verk dersom risikoen ikkje er akseptabel.
- *Avfallshandtering:* Verksemda manglar rutine for avfallshandtering. Under tilsynet vart det opplyst at alt avfall, inkludert farleg avfall, vert levert til/henta av SAR Florø. Det farlege avfallet vert deklartert av SAR på Global Florø AS sitt organisasjonsnummer. Ein rutine for handtering av avfall bør m.a. innehalde kva typar avfall som vert generert ved anlegget, korleis det vert oppbevart, korleis det vert avhenda og kven som er ansvarleg for at avfallet vert handtert i samsvar med rutinen.

Avvik 2

Verksemda manglar godkjend avfallsplan for hamna

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta kapittel 20 Levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip

Kommentar til regelverket:

I kapittel 20 i forureiningsforskrifta er det krav om at alle hamner skal ha ein avfallsplan der avfallsmengd, avfallstype og mottaksordning for avfall frå skip og båtar er vurdert. Kravet til avfallsplan gjeld alle typar hamner uavhengig av storleik, aktivitet eller føremål. Kravet har vore gjeldande frå 2014. Det er hamneansvarleg som skal syte for at hamna har godkjend avfallsplan og avfallsmottak i tråd med planen. Hamneansvarleg er den som driv hamna. Om ingen driv hamna, er eigaren hamneansvarleg. Avfallsplanen skal godkjennast av Statsforvaltaren. Sjå også under «andre tilhøve», og vedlagt faktaark.

Vi har observert at:

Global Florø AS får båtar som leverer fisk inn til kaia. Verksemda kvalifiserer dermed til å bli definerte som ei hamn. Verksemda har ikkje sendt inn nokon eigen avfallsplan til godkjenning hjå Statsforvaltaren. Verksemda var heller ikkje klar over at kaien ved anlegget er ei hamn som er omfatta av dette regelverket, og dermed har krav om avfallsplan.

Under tilsynet var det litt usikkert om det er verksemda eller kommunen som er ansvarleg for hamna. Dette må avklarast.

Avvik 3

Verksemda har manglar knytt til substitusjonsvurdering

Avvik frå:

Produktkontrollova § 3a

Kommentar til regelverket:

§ 3a i produktkontrollova seier at verksemdar som nyttar produkt med innhald av kjemisk stoff som kan føre til verknad på det ytre miljøet, skal vurdere om det finst alternativ som fører med seg mindre risiko for slik verknad. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Vi har observert at:

Verksemda har utarbeidd eit stoffkartotek med faremerking, bruksområde og plassering for dei farlege kjemikala som vert nytta i samband med produksjon, reinhald og vedlikehald, men det er ikkje gjennomført ei systematisk substitusjonsvurdering av kjemikala. Verksemda opplyser at det vart utført ein gjennomgang av vaske- og desinfeksjonsmiddel i samband med overgang til EcoLab som ny leverandør. Det vart i tillegg opplyst om at alle kjemikal som vert nytta i produksjonen er næringsmiddelgodkjende.

Ei substitusjonsvurdering bør gjennomførast i samsvar med dei følgjande sju trinna:

- Skaffe informasjon om dei eksisterande kjemikala
- Gjere ei prioritering av tiltak
- Undersøkje om det finst alternativ
- Vurdere kva risiko dei ulike alternativa fører med seg
- Samanlikne risikoen som alternativa representerer
- Substituere
- Følgje utviklinga og vurdere med jamne mellomrom

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Verksemda sitt avvikssystem er ikkje optimalt

Kommentarar:

Verksemda nyttar eit Word-basert avvikssystem. Dette systemet er ikkje ein del av Nergård-konsernet sitt avvikssystem og kommuniserer difor ikkje med deira system. Verksemda har registrert om lag 50 avvik hittil i år. Dei fleste er tekniske avvik, men det vert også registrert ein del på område der Mattilsynet er styresmakt. Det kunne ikkje leggjast fram avvik knytte til ytre miljø. Under tilsynet kom det fram at Nergård-konsernet nyleg har kjøpt inn eit nytt avvikssystem. Verksemda må vurdere om dette er noko Global Florø AS også kan dra nytte av.

Merknad 2

Verksemda har ikkje utarbeidd måleprogram for kontroll med utslepp til vatn

Kommentarar:

Verksemda har eit gammalt utsleppsløyve, og på den tida løyvet vart gitt, var det ikkje sett krav om å utarbeide måleprogram. Dette vil det bli sett vilkår om i eit nytt utsleppsløyve.

Verksemda bør difor starte arbeidet med å utarbeide eit slikt program, sjå vedlagde infoark om forventningar til industrien sin utsleppskontroll og rettleiing som gjeld industrielle måleprogram.

8. Andre tilhøve

BAT-utgreiing: I samband med implementering av BAT-konklusjonane som gjeld for næringsmiddel (Food, Drink and Milk, FDM), skal Statsforvaltaren gå gjennom og eventuelt oppdatere verksemdene sine utsleppsløyve slik at dei vert drivne i samsvar med dei utsleppsgrensene (BAT-AEL) som er nedfelte i BAT-konklusjonane. Desse utsleppsgrensene er svært strenge samanlikna med krava som tidlegare har vorte stilte til næringa.

Nytt utsleppsløyve: Verksemda har eit utsleppsløyve frå 20.09.1999. Dette løyvet tilfredsstillar ikkje dei krava som vert sette til industriverksemdar i dag. Miljødirektoratet har utarbeidd ein ny mal for utsleppsløyve for industriverksemdar, ein mal som også Statsforvaltaren i Vestland nyttar når vi gir nye løyve eller reviderer dei eksisterande. I nyare utsleppsløyve vert det stilt krav om m.a. måleprogram og system for energistyring. Statsforvaltaren vil ta kontakt med verksemda og gje nærmare informasjon om løyveprosessen og kva dokumentasjon som skal følgje ein søknad.

Eigenkontrollrapport: Global Florø AS skal rapportere utsleppsdata innan 1. mars året etter utsleppsåret. Statsforvaltaren har friteke verksemda for rapportering i oppstartfasen, men frå 2022 vil verksemda få krav om rapportering av produksjon, utslepp, energiforbruk og avfallshandtering.

Utslepp til sjø: Global Florø AS har direkte utslepp til sjø i Ausa ved at verksemda sin utsleppsleidning vert kopla på Kinn kommune sin leidning etter deira reinseanlegg. Verksemda betalar kommunen for dette påsleppet sjølv om vatnet ikkje vert behandla på nokon måte etter at det forlet anlegget. Verksemda vurderer å legge ut eigen utsleppsleidning, ev. i samarbeid med EWOS AS avd. Florø.

Konsern: Global Florø AS er ein del av Nergård-konsernet, sidan Nergård har ein eigardel i selskapet. Øyvind Berg er Nergård sin internkontrollansvarleg på konsernnivå. Det kan verke som at Global Florø AS ikkje er heilt integrert i konsernet og difor ikkje kan nytte stordriftsfordelane fullt ut. Sidan alle verksemdene i konsernet driv same type produksjon av pelagisk fisk, kan t.d. ein del rutinar utarbeidast på konsernnivå med lokale tilpassingar.

Avfallsplan for hamna: Planen vert følgt opp som eiga sak av Statsforvaltaren i Vestland. Kontaktperson hjå oss er Åsmund Skancke Karlsnes (asska@statsforvalteren.no).

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta),
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta), kapittel 20 om avfallsplanar i hamner
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

Brosjyrar/info-ark som er vedlagde/vert ettersende:

- Substitusjonsplikta (M104/2014)
- Rettleiing om substitusjonsplikta (TA-1715/2000)
- Faktaark om avfallsplanar i hamner
- Faktaark om forventningar til industrien sin utsleppskontroll (TA-2748/2010)
- Faktaark om fiskeforedlingsindustri (2018)
- Rettleiing om industrielle måleprogram (M-6/2013)